



## Statens vegvesen

RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:  
19/358518-2

Dykkar referanse:  
18/2490-19/17951

Vår dato:  
12.12.2019

### Svar på byggesak gnr. 45, bnr. 68 Manger/Selfallet i Radøy kommune – Tomannsbustad – Søknad til uttale

Vi viser til Dykkar brev av 10.12.2019 der De ber om vår uttale til søknad om oppføring av to tomannsbustader på eigedommen gnr. 45, bnr. 68 i Radøy kommune.

Saka gjeld søknad om oppføring av to tomannsbustader med tilhøyrande tilkomstveg og opparbeiding av tomt. Tiltaka har trong for dispensasjon få gjeldande utnyttingsgrad og føresegner om fortetting. Det er og opplyst at tiltaket har trong for dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 5486 då tiltaket ligg nærmare fylkesveg enn 50 meter.

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Selfallet 1260200600400 er definert som bustad. Grad av utnytting er i gjeldande plan 25% BRA. Kommuneplanen for Radøy 2011-23, revidert juni 2019 opnar for fortetting med inntil to bueiningar på bygd eigedom på vilkår.

Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til at det vert gjeve løyve til oppføring av to tomannsbustader på eigedommen gnr. 45, bnr. 68 i Radøy kommune. Radøy kommune har i revidert kommuneplan frå 2019 opna for høgare utnytting av regulerte tomter.

Når det gjeld dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 5486 er det i reguleringsplanen for Selfallet regulert ei byggegrense på 15 meter og dei to tomannsbustadane kjem ikkje nærmare fylkesvegen enn den regulerte byggegrensa.

På kartet viser det at det er bygd fortau langs fylkesvegen forbi den gamle avkøyringa til gnr. 45, bnr. 68 og avkøyringa er vist stengd med bom.

Det er ein klar føresetnad at denne avkøyringa ikkje kan brukast for dei to nye tomannsbustadane.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
Senioringeniør

Odd Høydalsvik

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN